

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland .

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gjestal.

Emne: Skav.

Bygdelag: Ravndal og Oltedal.
Ar. 16. br. 7. Cirkl. br. 1.

Oppskr. av: T. A. Ravndal.

Gard: Ravndal og Oltedal.

(adresse): Ålgård.

G.nr. 16, 14. Br.nr. 5, 7 og 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kjenner ikkje til eit sers samnamn for dei nemnde forslag.
2. Kjenner berre til skav av dei tre forslagi.
3. ~~Skava~~ Skava, skjev, skov, skave.
4. Skav har vorte nytta her i bygdi til krøterfor. Namnet var: skav. Det var regulært forslag. Er avlagt no.
5. Raun og osp og eik. Berre desse treslagi vart nytta til skav. Bartre finst det ørende lite av her i bygdi og kom aldri på tale til skav. Raun vart rekna for gjavast.
6. Skav vart ikkje nytta om eit sers treslag.
7. Kjenner ikkje til noko rim som det nemnde.
8. Berre kyrne fekk skav, men sauene lurde seg til å ta.
8. Skav fekk kyrne helst frå jul og utover til våren. Dei fekk skavet for seg sjølv, kanskje 2-3 kg. pr. ku. Skavet fekk kyrne om morgonen etter dei hadde ete opp vondlane. Som nemnt vart ikkje or brukt til skav.
9. Kan ikkje seia sikkert at kyrne mjølka meir når dei fekk skav, men ein kan trygt seia at kyrne treivst betre og det vert fortalt at ei ku som hadde fått skav om vinteren, vart betre betalt om våren enn ei ku som ikkje hadde fått skav-10 kroner meir. Den mannen som har fortalt dette, hadde handla med kyr sjølv. Både fløyten og smøret fekk ein finare, sterkare, gul let. Kjenner ikkje til at det vart beisk smak av mjølki, for kyrne fekk ikkje så mykje skav at det gav smak. Det var så mykje arbeid med skavingi.
10. Folk drog eins ærend til skogs etter ved til skaving. Dei skov ikkje den veden dei skulle ha til huset. - Sumt av det folk skov, vart nytta til hesjestaur når det høvde til det bruket, og då vart skavet brukt til for.
11. Reiste til skogen og skulle henta skøved. I førevegen: Gjekk åt skogen og skulle hogga skøveden. Sidan måtte skovveden dragast saman til vegar.
12. Skov-ved.
13. Kjenner ikkje til ordet marka.
14. Ein henta skavet etterkvart som det vart hogt. Som nemnt var det juletider omlag ein tok til med skaving. Ja, det vart rekna for serleg surt og hardt arbeid, sidan det var vinterdag, med kjøld og stutte dagar. Kjenner ikkje til at folk henta skav langfredag.
15. Inne i stova.
16. Skavljå. Namnet var skavljå. Eit gammalt ljåsbrot vart nytta. Handtak berre i den eine enden. Sume tider vart

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjestal

Emne: Skav.

Bygdela: Ravndal og Oltedal.
G.nr. 16, br. 5-7 G.nr. 14, br. 1.

Oppskr. av: T. A. Ravndal.

Gard: Ravndal og Oltedal.

(adresse): Ålgård.

G.nr. 16, 14. Br.nr. 5, 7 og 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

det sveipt ei tyfille om den andre enden, andre tider eit handtak av tre, og atter andre gonger vart eggja på den eine enden av ljåen avslipt, så ein kunne halda om ljåen med handi. Dei gamle tunnljåane vart haldne for å vera best til skavljå.

17. Til hesjestaur brukte ein bandakniv når ein skov. Det vart ikkje nytta same skavemåten til skav og hesjestaur. Når ein skov hesjestaur, sette ein stauren helst på skrå oppmed ein vegg og skov fyrst øvste helvti, medan ein heldt stauren fast mellom beini. Så snudde ein stauren oppned og skov andre helvti. Krakk og pinne har ikkje vore brukt her, det ein kan minnst.

18. Ein tjukk staur vart sett mellom bjelken og golvet. Mellom stauren og bjelken vart innsmygd ein gamal skosole, som skulle hjelpa til med å halda stauren betre på plass og hindra at bjelken vart skadd (oppflyssa). Sume tider vart nytta ei tyfille, men skosolen gjorde best nytte til det bruket. Skavhæl vart denne stauren kalla. Mot denne stauren sette ein skavljåen. Sume tider vart sengestolpen brukt i staden for skavhæl. Kjenner ikkje til at ein kalla sengestolpen for skavhæl.

19. Var skavkjeppen lett nok til å halda med ei hand, så heldt ein den med eine handi og skavljåen med den andre innåt skavhælen, medan den armen som heldt skavljåen kvilde på låret. Var det ein tung staur som skulle skavast, måtte ein mann vera med og halda stauren. Skavaren la då stauren på eine kneet, og haldaren måtte svinga på stauren etter kvart som det trongst for skavaren. Den delen av stauren som var skava, drog skavaren bakover på eine sida av kroppen til dess han nærma seg hendene åt den som heldt. Då vart stauren endevend. Sjølve raunestomnen vart skaven på same måten, men det var ofte eit tungt og ufyse arbeid, for det kunne vera ein tjukk stomm som det låg snø og is på, og skavaren vart våt på kneet og på kledi elles. - Kyrne lika aldri så godt skavet på ein så tjukk stomm. Når ein skjev granne ting, fører ein sjølve tingen (kjeppen). Er det tyngre ting (staur, stomm) dreg skavaren skavljåen med bae hendene, og skavemet ligg stilt når ikkje haldaren svingar på det i takt med skavingi.

20. Skov-ved, seinare skav-ved.

21. Borkblokke vart brukt om borkbete med litt av treet på,

22. Veden er omlag 40 cm lang, alltid lenger enn vanleg vedskie.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gjestal.

Emne: Skav.

Bygdelag: Ravndal og Oltedal.

Oppskr. av: T. A. Ravndal.

Gard: Ravndal og Oltedal.

(adresse): Ålgård.

G.nr. 16, 14 Br.nr. 5, 7 og 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

23. Eit spréd, sprédet, spréd, sprédo. (Ca 40 cm (grant)). Ein skjevling, skjevlingen, skjevlinga, skjevlingane. Skjevlingen var så tjukk at ein ikkje kunne hogga han av med øks, men måtte saga han av. Men så tjukk som ein væmleg hesjestaur var han ikkje.
24. Halvedelen bork og halvedelen tre var finaste skav. Då var skavblokki på det beste, vart det sagt. Sume var flinkare enn andre til å skava, og kyrne gjorde skil på skavet. Dei lika best skavet frå den flinke skavaren.
25. Spred vart brukte både til baking av omnsbrød og flatbrød. Det vart rekna for god ved til dette bruket. Elles vart både spred og skjevling nytta til vanleg ved.
26. Skav nyttar ein ikkje lenger til før. Ein gamal mann på over 80 klaga over no i haust 1953 at han visst ikkje fekk skava i vinter. Han trudde ikkje det kom til å verta heimkjørt skovved. Det er serleg skort på arbeidsfolk som er skuld i dette. Det kunne høyrast ut som denne gamle mannen har skave like til førre vinteren, men det er eit sjeldsynt tilfelle. Jamt over er skavingi slutt, ikkje brått vart det slutt, men litt om senn. Det er vel omlag 20-30 år sidan skavingi var ålmann her i Gjestal.

Ei skavblokka, skavblokka, skavblokke, skavblokkene. Ordi er bøygde og skrivne etter dialekten her.

Skav. 8225

Eg har aldri høyrte gjete at krøter som hadde fått skav hadde svart kjøtt. Skavet vart brukt som hjelpefor berre på ettervinteren, og kyrne vart aldri selde til slakt om våren, men fyrst når dei hadde gått på beitet heile sumaren (i september).

Den krøterhandlaren som gav lo kroner meir for ei ku som hadde fått skav, heitte Daniel I. Østebø, Dirdal. Han er død no. Han var ein kjend krøterhandlar både i Rogaland, Sirdalen og Setesdalen. Eg råka Daniel fyrste gongen i 1904, og har sidan vore saman med han mange gonger. Meir enn ei gong har han fortalt at han gav lo kroner meir for ei ku som hadde fått skav.

Daniel var også drifttekar. Han leigde hei og hadde opp til 1300 smolog i beite (framande sauer) og 20, ja, opp til 30 storkrøter, som var hans egne. Dette var handelsdyr som Daniel hadde kjøpt i Sirdalen eller Setesdalen om ~~haust~~ våren. Om haustane kunne Daniel kjøpa store drifter med lam i Sirdalen, jaga deim til Dirdal og tok deim med båten derifrå til Stavanger.

Ein gong hende det at Daniel Bytte til seg sylvsaker i Setesdal (ringar og sylgjær) for ein heil hest. Det var visst Sylvsmed Søren Lund i Valle han den gongen hadde med å gjera. Sidan kom han til samlingsdagen i Groviki. Der gjekk ringeknipet rundt, og der vart sakte handel.

Gjestal.

Frå si røynsle som krøterhandlar og drifttekar hadde Daniel grundig kjennskap både til store og småe krøter.

Daniel var ein dugande seljar og kjøpar, og folk hadde stor tiltru til han. Han vart sett til styrar på Dirdal Handelslag, men dreiv attåt på med krøterhandel for seg sjølv.

Ein brorson hans, Ommund G. Østebø, Hommersåk, hjelpte Daniel på handleferdene hans og minnest mykje frå den tidi. Han er visseleg viljug til å gjeva opplysningar om farbror sin, ifall De har bruk for meir av dette slaget.

Torger A. Ravndal,
Algård.

T. A. Ravndal

kn. 2, 50.

blir bert. og store send. enn?

B.

Notat på kort.

8225